

Gebyrregulativ, vatn og avløp, Gulen kommune, år 2021

(KOM-sak 101/20)

Gebyrsatsar og gebyr for bestemte tenester knytt til kommunalt vatn og avløp. Alle prisar er inkludert mva.

Rammer for gebyrutrekninga

- Gebyra skal ikkje overstige kommunen sine kostnader, men kan balanserast over ein 4 års periode.
- Overslag over forventa kostnader (drifts- og kapitalkostander) for dei næraste 4 åra skal føreligge før gebyra sin storleik vert fastsett.
- Gebyrutrekninga byggjer på
 - Lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg
 - Forskrift av 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning, kapittel 16 om kommunale vann- og avløpsgebyrer
 - Retningslinjer for utrekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester H-3/14
 - Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Gulen kommune

Eingongsgebyr for tilknytning

Eingongsgebyr for tilknytning (tilknytingsgebyr):	Vatn	Avløp
Pr. eining	11.935,00 kroner	17.956,00 kroner

Årsgebyr

Kommunen sine totale årsinntekter skal fordele seg mellom fast og mengdeavhengig del :

- Abonnementsgebyr skal dekkje ca. 20 % av kommunen sine samla årskostnader for høvesvis vassforsyning og avløp
- Forbruksgebyr skal dekkje ca. 80 % av kommunen sine samla årskostnader for høvesvis vassforsyning og avløp

Abonnentsgebyr	Pr. eining – vatn (N1)	Pr. eining - avløp
Bueining, fritidseining	1.510,00 kroner	1.240,00 kroner

Abonnentsgebyr vatn for næringseiningar vert fastsett på grunnlag av dimensjon på inntaksleidning.

Dimensjon på leidning (mm)	Pr. næringseining - vatn
≤ 32	N1
40	N2
63	N4
75	N6
> 75	N10

Abonnementsgebyr avløp næringseining

Abonnementsgebyr avløp næring	Næring (låg sats)*	Næring (høg sats)**
Pr. eining	1.240,00 kroner	4.135,00 kroner

*Årsforbruk vatn mindre enn 60 m³. Tilsvarande eit arealforbruk på 90 m². Gjeld også driftsbygningar landbruk.

** Resterande næring

Forbruksgebyr

Forbruksgebyret vert rekna etter målt eller stipulert forbruk, som vassforbruk i m³. Same forbruk i m³ vert lagt til grunn for utrekning av både vassgebyr og avløpsgebyr.

Forbruksgebyr - målt forbruk	Pr. m ³
Vatn	22,17 kroner
Avløp	20,67 kroner

Bruksareal (m ²)	Stipulert forbruk (m ³)	Vatn	Avløp
	Bueiningar og fritidseininigar		
0-90	90	2.392,00 kroner	2.233,00 kroner
91+	170	4.520,00 kroner	4.217,00 kroner

Spesifikt forbruk er sett til 1,2 m³/m².

Gebyr for mellombells tilknytning

Mellombells installasjonar skal betale abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande reglar for næringsverksemd, med avrekning i samsvar med den tida tilknyttinga er operativ.

Gebyr for kontroll av vassmålar, jf. § 4-6 i forskrifta.

Etter faktisk kostnad. Nyttar ekstern verksemd.

Oppmøtegebyr for avlesing av vassmålar

Kroner 1.632,00.